

Stortingsbenken i Sogn og Fjordane

Innspel til Statsbudsjett 2019

Høyringsnotatet frå Sogn og Fjordane fylkeskommune peikar på vesentlege utfordringar for vår fylkeskommune som følgje av framlegg til Statsbudsjett for 2019 (Prop. 1 S 2018-2019). Fylkesordføreren forventar at Stortinget tek omsyn til innspela i sitt vidare arbeid med Statsbudsjettet for 2019.

Tapskompensasjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk eit tap etter omlegging til nytt inntektssystem i 2015 på 2500 kr per innbyggjar. Ved full innføring av inntektssystemet gir dette eit årleg tap på vel 300 mill. kr. Utslaga for oss har vore uakseptable, og det har vore politisk akseptert at inntektssystemet har gjeve nokre urettmessige utslag som skal kompenseras særskilt.

Det har vore arbeidd politisk kvart år for å trappa opp tapskompensasjonen i tråd med at dei statlege løyvingane til fylkeskommunen vert redusert. 2019 er siste året i denne opptrappinga for at fylkeskommunen skal få eit akseptabelt driftsnivå. Dersom tapskompensasjonen vert trappa opp i 2019, med 12,6 mill. kr, vert det samla årlege tapet redusert frå 199 mill. kr til 186 mill. kr. For å kunne tilby eit akseptabelt tenestenivå til innbygarane er det vesentleg at tapskompensasjonen vert auka også for 2019.

Regionale utviklingsmidlar

Nivået på KMD-midlane har vorte redusert vesentleg dei siste åra. Vår fylkeskommune har gått frå eit nivå på vel 100 mill. kr i 2011 til 39,1 mill. kr i framlegg til Statsbudsjett 2019. Den nominelle reduksjon er på 14,8 mill. kr frå 2018, altså 27,5 %. Dei siste åra har også midlane knytt til differensiert arbeidsgjevaravgift blitt avvikla. Fylkeskommunen si rolle som samfunns- og utviklingsaktør har dei siste åra vorte svekka som følgje av reduserte løyvingar frå staten til desse føremåla.


Ein ytterlegare reduksjon i dei regionale utviklingsmidlane i 2019 som regjeringa legg opp til, vil svekke vår langsiktige evne til å arbeide målretta med samfunns- og næringsutvikling. Dette er ikkje i samsvar med dei forventningar som sentrale styresmakter har til fylkeskommunane sin rolle som samfunnsutviklar.

Ferjeavløysingsordninga

I juni 2018 bad Stortinget regjeringa endre ferjeavløysingsordninga slik at også kapitalkostnadane ved ferjeavløysingsprosjekt kan dekkast av ordninga. I Statsbudsjettet tilrår regjeringa at dette vert følgt opp ved å dekke inntil 30% av rentekostnadane. Endringa er tenkt finansiert ved å halde det årlege beløpet til ferjeavløysingsmidlar fast, men auke tal år med utbetaling.

Endringa har liten effekt på finansieringssituasjonen i ferjeavløysingsprosjekt. Den lange horisonten for utbetaling av ferjeavløysingsmidlane gjer at ein rentekompensasjon utbetalt i slutten av denne perioden (om 20-40 år) gjev liten effekt. Skal ei slik utviding av ordninga ha effekt, må finansieringa av rentekostnadane kome i perioden kostnadane oppstår. Vi ser at dette gjev ei anna form for finansieringsutfordring for staten, men utvidinga slik den no ligg føre gjev auka kapitaltilgang 20-40 år fram i tid, og har lite å bety for sjølve gjennomføringa av prosjektet.

Dette kan illustrerast ved å sjå på behovet for fylkeskommunale driftsmidlar som følgje av ordninga på eit godkjent ferjeavløysingsprosjekt i Sogn og Fjordane – Atløysbandet:



Einaste effekt vi får av endringa i ordninga i finansieringsfasen er at vi kan forlenge attendebetalingsstida på lånet med dei to åra vi kan forvente auka refusjon.

Finansiering ferjeavløysingsmidlar

Under høyringa i KMD fekk vi spørsmål om kva vi må leggje av eigen finansiering (ut over ferjeavløysingsmidlar) i ferjeavløysingsprosjekta. Vedlagt ligg tala for Atløysambandet og Ytre Steinsund.

- I tabellane er det synt dagens ordning samt konsekvens av endringa som følgje av regjeringa sitt framlegg til utvida ordning.
- Utvida ordning gir relativt lite utslag på finansieringsutfordringa.
- I vår finansieringsmodell har vi følgjande tal:

- Atløysambandet:

	Første 10 år	Heile ferjeavløysingsperioden
Dagens ordning	233 mill. kr	370 mill. kr
Framlegg til ny ordning	212 mill. kr	324 mill. kr
Effekt av endring	-21 mill. kr	-46 mill. kr

- Ytre Steinsund

	Første 10 år	Heile ferjeavløysingsperioden
Dagens ordning	153 mill. kr	228 mill. kr
Framlegg til ny ordning	138 mill. kr	194 mill. kr
Effekt av endring	-15 mill. kr	-34 mill. kr

Fond for oppbygging av vegar etter naturskade

Stortinget må snarast opprette eit eige «naturskadefond» for utbetring av fylkesveganlegg og infrastruktur som følgje av ekstremvêr og klimaendringar. Sidan 2010 har 30 % av naturskadane på fylkesvegnettet skjedd i Sogn og Fjordane, og dette har påført fylket store kostnader. Dagens løysing der kommunar og fylkeskommunar får kompensasjon for ekstraordinære utgifter er ikkje god nok. Ekstraordinære utgifter er utgifter utover normal drift og vedlikehald, og desse utgiftene kan gå utover andre oppgåver vi har ansvar for. Ekstremvêr rammar tilfeldig og kan gi svært store skadar på fylkesvegnettet. Det gir fylka store ekstraavgifter, som er vanskelege å handtere. Vi har eit ferskt døme frå no i oktober, uvêr og nedbør kombinert med snøsmelting øydela fleire vegar. Staten bør dekke uføresette utgifter som oppstår på grunn av klimaendringar og ekstremvêr, og som ikkje fell innanfor eksisterande ordningar. Dagens praksis med skjønstilskot gjer at staten berre kompenserer for deler av skaden, mellom 40 og 50 %. Det fører til at fylka som er mest utsette for naturskade, må bruke ein større del av rammene til å reparere, noko heller ikkje inntektssystemet tek høgde for.

Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan for skredsikring av riks og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Denne planen må leggast fram ved første rullering av NTP med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.

Sidan oktober i fjor har det gått 2634 skred på veg ifølge vegkart.no. Heile 271 av skredhendingane førte til fullstendig vegstenging og i hundre tilfelle førte skred til vesentlege skader på vegen. At ikkje fleire enn tre personar vart skadde må i stor grad tilskrivas utstrekt stenging av vegar grunna rasfare.

Ser vi på dei siste 10 åra ligg årsgjennomsnittet på 2380 skred og 263 stengingar for all trafikk. I nyhendebiletet står hendingane fram som meir eller mindre tilfeldige enkeltsaker, spreidd rundt omkring i det meste av landet. Merksemda er sterk lokalt, ved store hendingar også nasjonalt, men det er lite fokus på å sjå dette i eit heilskapsperspektiv og det manglar konkrete mål for å løyse dei samla utfordringane med skred på vegnettet.

I framlegg til Statsbudsjett for 2019 vert det frå samferdsledepartementet foreslått å løyve 1093 mill. til skredsikring på riksvegar (post 31) og 777 mill. til skredsikring på fylkesvegar(post 62), til saman 1870 mill. kr. Det er 156 mill. meir enn i 2015-budsjettet og 472 mill. høgare enn i årets budsjett.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er glade for auka løyvingar til skredsikring, men vi vil påpeike at den etterfølgjer ein årleg nedgang sidan 2015.

Dei berekna totale kostnadane for skredsikringsprosjekt av registrerte punkt innan høg- og middels skredfaktor på riks- og fylkesvegnettet vert i Statens vegvesen sitt vegkart.no pr. 10 oktober i år rekna til om lag 51 milliardar kroner. Dette meiner vi viser at statsråd Jon Georg Dahle sin påstand til fagbladet «Veier24» om at «kravet til rassikring nærast er umetteleg» ikkje stemmer, men tvert om at kravet om rassikring av vegnettet er fullt ut realistisk.

Stad skipstunnel treng startløyving no.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane registrerer at Stad skipstunnel ikkje ligg inne i Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2019.

Stad skipstunnel er eit prosjekt som er godt gjennomarbeida og godt utgreidd. Forprosjektet til Kystverket (2017) tilrår bygging av Stad skipstunnel, og grunnjev dette med at dei ikkje-målbare gevinstane ved skipstunnel overstig dei kronesette kostnadene.

Eit samla næringsliv på kysten, Norges Fiskarlag, Kystrederiene, Hurtigbåtforbundet, Marine Harvest, Sunnmøre regionråd, Sogn og Fjordane Næringsråd, Vestlandsrådet og Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har prioritert Stad skipstunnel i sitt innspel til Nasjonal transportplan (2018 – 2029).

Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at Stortinget legg inn 30 million kroner i statsbudsjettet for 2019 slik at arbeidet går vidare i tråd med nasjonal transportplan for kystverket.

Kløften – Sunnfjord Museum

Vi registrerer at museumsbygget «Kløfta» i Movika ikkje ligg inne i statsbudsjettet med oppstartløyving. Fylkeskommunen har søkt om 67 mill.kr. Vi ber om at stortingsbenken jobbar for ei oppstartløyving i budsjettet for 2019.

Sukkeravgifta.

Vi er også om at ein reverser avgifta for alkoholfrie drikkevarer tilbake til 2017-nivå i budsjettet for 2019. Ein burde set ned utval som ser på innretning av avgiftene med mål om å lage eit rettferdig system som gir norske næringsmiddelverksemdar konkurransekraft.

Flypassasjeravgifta:

Florø lufthamn som ikkje ligg under FOT ruter blir hardt råka av auken i flypassasjeravgifta siste åra. Widerøe varslar kutt – 18 av 23 kommersielle kortbaneruter går med tap. Skattar og avgifter har auka med ca. 200 millionar pr år sidan 2015. Det har ikkje komme nokre nemneverdige justeringar på avgifter i statsbudsjettet for 2019, noko som kunne bidrege til å halde produksjonen på dagens nivå. Vi ber om at stortinget finn ei meir rettferdig ordning som ikkje råkar distriktsruter som næringslivet er heilt avhengige av.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordfører

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift